

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hestved

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom

Gard:

(adresse): Hestved

G.nr.



Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein kjemmer ikkje til at ard er brukt i bygda. Det er tünduleg, for i grannebygdes lunt har dei kjennskap til arden, og kan vissb andelvis visa hvar fram. Men dei eldste i Hestved høgar ikkje å ha sett reidskapet eller høyrst fortalt om det.

2-12. Dette fell bort. I staden for det arbeid som kunne gjerast med arden, var det her i bygda nytta spade (spoda er i utl. her) åkerspoda. Ei omor spoda var kalla torvspoda som det var spadt for med. Ved omsriving av åker var det gjerne fleire arbeidsfolk saman, menn og kvinner, som gjekk i rekke og smidde molda. Det vart som ei for då og. Dette arbeidet var tungt og leita på ryggen. Den nemnde spoda var ulik dei spader som vert brukt idag. Skaffet var av eit eller anna slag tre, bjork, eik, ask, raun og var breidt i den nedste enden som høvde inn i eit jarn (spodijarn)   Det var særskilde smidar

som arbeidde spodejarna. Her i bygda
minnst mange to av dei, og i granne-
bygda minnst dei og to. Ferskile kann
arbeidde skaff til sal. Den spadde a-
keren vart hova antan med rive eller
med trehov med lealause labbar. Så
vart kornet sådd og redhoringa vart
gjort med rive eller hov med tre- eller
jarnhammer.

13. No vert det nytta dei beste og nyaste plogar.
Mellom 60 og 70 år sidan kom dei meir
moderne plogar i bruk. Det var Raug-
stadplogar og Somarplogar. Etter namnet
må desse ha vorte laga i Høyland ved
Sandnes. Her i bygda vart dei laga
plogar av Mekias Høge (Håua) og Erik,
Hestestod (Kalla gamle Erik, men ikkje farn)
Prisen var 3 dalar

14. Ja, ein meiner plog nr. 8 har vore brukt
i bygda. Grindaplog var namnet.
Vellefjåla var noko vridd og av jamn
Lalen var som regel av tre, men sei-
nare og av jarn

15. Ein kjemner ikkje noko til dette her.
Plelfelle må det ha vore ei spoda

16. Vanleg vart ploegen velta til motsette
sida av vellefjåla.

17. Kjerner ikkje sikkert til dette, men
det er rimelig at denne klossen har vore nytta.

18. Dei mest brukte plogar var dei som
vellt til høgre. Det var Karshje dei
og som hadde plog som vellt til vinstre

19. Djupna av plogfura var 5 tomnar. Sleper-
sko eller hjul på ploegen regulerte
ein djupda med.

20. Sjöne plojar hadde ristill, andre ikkje.
21. Nei ein kjemmer ikkje til det.
22. Ja, det er trolig at det har vorte brukt ein iuskott stede til framkyring, elles vart nok hjulgrinda nytta.
23. Ja ein meiner denne plojen har vorte nytta her med vellefjal av heilt jarn. Namnet kjemmer ein ikkje.

Dei plojene som vert nytta her no, er Kverneland, Underhang, Kyllingstod. Tidlegare var her plojar av svenske fabrikkar.

And vert uttala ar, og er hankjör.
Vanleg uttale er plog.

22/1 - 1954.